



Lille rosin heiter leiken som Katrine, Mathias og mor Anne her deltek i

**OM EG ER LITEN ELLER STOR** kan dei syngja annankvar onsdag på bedehuset, for då er det småbarnstreff der. Leia av Nelly Kjærland har treffet eksistert i 10 år og idag vart jubileet markert med song, bibelforteljing, leikar og matøkt. Selma Eik som er ein annan av dei 3 som har stått bak treffet i alle år serverte dei mykje omtala spesialitetane sine. Lene Taranger var med frå starten, men no er Aud Isaksen Haugland den tredje på laget.



[Oddbjørg Heimark fortalde om den store fiskefangsten i Genesaret sjø](#)

Treffet er for ungar frå 0 til 6 år og dei kjem frå heile kommunen. Medlemstalet har vore heilt oppe i 28 og i 2013 var det 22. Men i dag var det 6 og dei kom frå Uskedalen, Seimsfoss og Valen. Dei var Maria (4), Katrine (5), Martine (5), Mathias (1), Per Håkon (1) og Truls ( snart 5). Snittframmetet ligg vanlegvis mellom 11 og 14.

Opplegget er likt kvar gong og i dag var Oddbjørg Heimark gjest og fortalde levande om den store fiskefangsten som var ein befaling til disiplane om å bli menneskjefiskarar. Vanlegvis er det også ei hobbyøkt etter maten.

Nelly gjentek gjerne at ho kjenner det som ei rik oppgåve å fortelja dei små om Jesus gjennom song og bibelsoge og bidra til å skapa eit sosialt fellesskap for store og små på bedehuset. Småbarnstreffet er prega av grundigheit og god organisering.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dei feira 10-årsjubileet for småbarnstreffet